

Radøy kommune

Saksframlegg

Q-1

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2016	Formannskapet i Radøy	PS	18.02.2016
028/2016	Formannskapet i Radøy	PS	17.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tore Rikstad	15/240	16/517

Turløype på Manger - status / kostnader / finansiering

Saksopplysingar:

Saka gjeld

I budsjettdokumentet for 2016 ber kommunestyret om ei sak med totalvurdering av kostnader for turvegen på Manger før arbeidet vert sett i verk. Bakgrunnen for dette er at kommunestyret er uroa for kostnadsauken i prosjektet.

Bakgrunn

Investeringsprosjektet *Turveg, lysløype «ala Brekkeløypa»* kom inn i budsjettet for 2015 i etterkant av rådmannen sitt framlegg til budsjett. I fleirtalsinnstillinga til budsjettet for 2015 heiter det at: *«Fleirtalet løyver 1 000 000 til at det vert laga ei universelt utforma turløype på Manger etter modell av Brekkeløypa i Knarvik. Dette for å styrkja folkehelsearbeidet. Det vert lagt til grunn 50 % medfinansiering gjennom spelemidlar, altså eit prosjekt til 2 mill. tilsaman.»*

Administrativt vart det sett ned ei arbeidsgruppe til å gjennomføra prosjektet, der m.a. Manger IL og Idrettsrådet var representert. Val av trasè vart lagt fram som sak for formannskapet 26.03.15, sak 023/15, der det vart fatta vedtak om at turvegen skulle leggjast sentralt på Manger i tilknytning til idrettsanlegget i Grønålen.

Innleiingsvis vart det arbeidd ut frå ein føresetnad om at prosjektet var realiserbart innanfor ei ramme på omlag 2,5 mill, finansiert ved 1 mill. i kommunale midlar, 1 mill. i spelemidlar og ca 500 000 kroner i bidrag frå Manger IL (sponsormidlar/gåvebrev/dugnad mm). Budsjettramma for prosjektet vart utvida til 2 mill. i kommunen sitt budsjett for 2016, for å kunne forskottera spelemidlar.

Under arbeida med planlegging og utarbeiding av tilbudsgrunnlag for turvegen har det dukka opp ein del utfordringar som har både med trasèval, framdrift og kostnader å gjera. Ein mindre del av trasèen ligg nær ein steinheller registrert som freda kulturminne. Planlagt utforming av vegen her, med sprenging og steinfylling/fyllingsfot innafor sikringssona til steinhelleren, vil ikkje bli akseptert av kulturminneforvaltar (Hordaland Fylkeskommune og Riksantikvaren). I søknad til fylkeskommunen om inngrep/dispensasjon i freda kulturminne har vi difor opplyst om - og skissert ei utforming av ein reversibel trekonstruksjon/trebru (område 2 i kart).

I øvrig trase er det særleg to område (område 1 og 3 i kart) som må løysast på annan måte enn veg med fyllingsfot. I område 1 (i kart) gjennom bøkeskogen er det i tråd med vedteken plan for

Nærmiljøanlegg ved Nesvatnet tenkt ein gråsteinsmur i staden for skråfylling for å halda massane på plass, og for å få til ei tilfredsstillande stigning på vegen. Her tenkjer ein seg i staden ei mindre kostbar løysing, t.d. med ein trekonstruksjon/trebru. I område 3 (i kart) vert traseen lagt over ein eksisterande veg ned til Nesvatnet. Her er det og tenkt å leggja ei bru over, som og medfører ein ekstrakostnad. Totalt medfører desse krava til tiltak i trasèen til ein uføresett kostnadsauke for prosjektet.

Det gjenstår også ein del planarbeid knytt til etablering av løypa, då den ikkje ligg inne i gjeldande planar (kommunedelplan Manger). Løypa går mellom anna gjennom områda Offentleg barnehage, P2 parkering og Naturvernområde på land (bøkeskogen). Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål i planen. Det er halde førehandskonferanse med Teknisk forvaltning, men ein vil avventa innsending av byggesøknad til dispensasjonssøknaden er handsama hjå kulturminneforvaltar. For å motta spelemidlar må løypa oppfylle Kultur-og kyrkjedepartementet sine krav til turveg. Løypa er prøvd planlagd etter desse krava, m.a. til stigningsforhold.

Det er utarbeidd tilbudsgrunnlag for utlysing i Doffin basert på trasèval vedtatt i formannskapet. Prosjektet vart lyst ut på Doffin i midten på desember 2015, men raskt avlyst på bakgrunn av budsjettvedtaket og den vesentlege skilnaden mellom budsjetttramme og forventa kostnad for prosjektet. Med bakgrunn i utarbeidd tilbudsgrunnlag og utfordringane/kostnadene ved deler av trasèval (område 1, 2 og 3) i kart, samt erfaringstal frå liknande løyper, m.a. i Austrheim kommune, er det grunn til å tru at kostnaden i prosjektet vil vera vesentleg høgare enn vedtatt budsjetttramme. Endeleg kostnad vil ikkje vera klar før prosjektet har vore ute på anbod.

Estimerte kostnader for vedtatt trase for turveg på Manger:

Kostnad utan veglys:	kr 4 000 000,- eks. mva
Prosjektering og byggeleing:	kr 200 000,- eks. mva
Rigg/drift/uføresett:	kr 1 000 000,- eks. mva
Sum entreprisekostnader:	kr 5 200 000,- eks. mva

Vurdering

Rådmannen meiner at ei realisering av turveg på Manger med ei estimert kostnadsramme på over 5 mill kr vil vera utfordrande å finna rom til i 2016, slik økonomien er i Radøy. Estimert kostnad på om lag 5,2 mill er om lag ei dobling i høve til kostnadsramma som er lagt til grunn ved oppstart av arbeidet. Manger IL har signalisert eit bidrag på kr 500 000, og det vil vera grunnlag for søkja om inntil 1 mill i spelemidlar tilprosjektet, slik at total kostnad for kommunen vert dertil redusert, men er framleis høg.

Slik saka står no kjem ein ikkje vidare med arbeidet før tiltaket er godkjent og detaljert kostnadsoverslag og finansieringsplan er avklart. I den samanheng må det også avklarast kor mykje av dei 2 mill. som er sett av i budsjettet for 2016 som evt. skal gå til andre tursti/turvegprosjekt. I budsjettdokumentet heiter det at «kommunestyret vil at alle tre prosjekta vert vurderte innan fellespott på kr 2.000.000,- i 2016».

Rådmannen vil rå til at alternative løysingar vert drøfta og vurdert, t.d.:

- a. Utbygginga av prosjektet vert delt opp i fleire etappar, der ein kortare del av løypa vert realisert som trinn 1, t.d. Grønålen-Prestegardshagen. Det ligg då til grunn at turvegen vert utvida på seinare tidspunkt. Ei fullføring av turvegen vil kunne kvalifisera for tildeling av spelemidlar til prosjektet.
- b. Lengda på turvegen vert redusert til min. 1 km. Ved særskilte høve kan det søkast om spelemidlar til turveg som er kortare enn 2 km, men minimum 1 km. Spelemidlane vert då evt. avkorta til max. kr 700 000.
- c. Prosjektera ein kortare turveg som kan realiserast innanfor vedtatt budsjetttramme i 2016. Kommunen kan risikera at løypa ikkje kvalifiserer til tildeling av spelemidlar.
- d. Andre aktørar står for gjennomføring av utbygging av turvegen, og kommunen bidreg økonomisk til realisering av prosjektet.

Konklusjon

På bakgrunn av ei heilskapleg vurdering meiner rådmannen at ei utbygging av turveg på Manger med ei kostnadsramme på vel 5 mill. ikkje vil vera tilrådeleg i den økonomiske situasjonen kommunen er i. Rådmannen meiner at alternative løysingar bør drøftast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.

Formannskapet i Radøy - 027/2016

FS - handsaming:

Prosjektleiar Tore Rikstad orienterte om arbeidet med turveg-prosjektet og om dei utfordringar som ein har dukka opp. Det viser at gjennomføringa av ei 2 km lang turveg-løype vil bli langt dyrare enn det er tatt høgde for i budsjett for 2015.

Formannskapet drøfta saka grundig, og konkluderte med at kommunen sin økonomiske situasjon ikkje gjer det tilrådeleg med ei investering på over 5 mill. på turløype-prosjektet på Manger. Formannskapet ønskjer å ha eit drøftingsmøte med Manger IL for å få finna ei god løysing på eit rimelegare turløype-prosjekt.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg i møtet:

Utbygging av turveg på Manger med ei kostnadsramme på vel 5 mill. kroner er ikkje tilrådeleg i den økonomiske situasjonen kommunen er i. Alternative løysingar må utarbeidast. Manger IL vert invitert til drøftingsmøte i formannskapet.

FS - vedtak:

Utbygging av turveg på Manger med ei kostnadsramme på vel 5 mill. kroner er ikkje tilrådeleg i den

Økonomiske situasjonen kommunen er i. Alternative løysingar må utarbeidast. Manger IL vert invitert til drøftingsmøte i formannskapet.

Formannskapet i Radøy - 028/2016

FS - handsaming:

Representantar frå Manger Idrettslag, Atle Vaage og Johnny Hermansen, var inviterte til drøftingsmøte med formannskapet om å tenkja nytt kring Mangerløypa, ei universelt utforma grusløype for tur, jogging og folkehelse for alle. Ordførar Jon Askeland orienterte om bakgrunnen for saka og drøftingsmøtet. Det har oppstått kostnadsutfordringar. For å få spelemidlar må anlegget normalt vera minst 2 km lang, og dette har drive kostnadene opp.

I møtet var det drøfta ulike alternative løysingar for å få framdrift i prosjektet. Ordføraren oppsummerte drøftingsmøtet og samling rundt felles tilnærming: Ambisjonane står fast! Manger-løypa vil vera eit viktig folkehelseprosjekt, og tilleggskvalitet som vil auka attraktiviteten til vakre Manger endå meir!

Rådmannen vurderer no ei trinnvis utbygging, og lagar forslag til fleire alternativ, som får kostnadene for kommunen ned. Rådmannen tek også kontakt med fylkeskommunen for å få vurdert noko kortare/justert trasé på nokre stader.

Manger idrettslag tilbyr stor dugnadsinnsats, og idrettslaget og rådmannen vil saman vurdere om det kan skaffast tilskot frå stiftingar mm.

Formannskapet rosa rådmannen og Manger IL for stor vilje til å finna gode løysingar for dette viktige prosjektet for Manger og Radøy.

Rådmannen kjem tilbake med sak til formannskapet.

FS - vedtak:

Vedlegg:

Kart turløype Manger

Turløype på Manger (L)(40539)



KOPI

Ingrid Didriksen

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1454 - 18/7685

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
15.05.2018

Manger bøkeskog - Vurdering av naturmangfald og turveg

Manger bøkeskog, idnr. BN00000987

Radøy kommune planlegg turveg gjennom naturtypen, frå fotballbana opp til Radøyvegen 1680. Veggen skal betre allmenta sin tilgang til dei grønne areala på Manger.

Det er registrert ein lokalt viktig naturtype på staden, naturtypen er «Parklandskap» og lokalt viktig (C-verdi). Det er ikkje registrert sjeldne eller kravfulle artar i området. Lokaliteter ligg midt i sentrum i Manger og er skarpt avgrensa mot anna skog, busetnad og opne areal på alle kantar. Skogen er planta rundt år 1900 og er i dag viktig som rekreasjonsområde/grøntområde for innbyggjarane i Manger. Lokalt viktige naturtypar har ikkje same status som utvalde naturtypar, men ein skal ta omsyn og unngå store inngrep.

Naturtyperegistreringa frå 2007 tek for seg skjøtsel av området: «Det beste for naturverdiane vil vere å unngå tekniske inngrep på lokaliteten, men sidan det er snakk om ein lokalitet med parkpreg vil ikkje skjøtsel vere problematisk.» Veggen er planlagd slik at færrast mogleg tre må skjerast eller fellast. Senterlinje ligg og slik at ein unngår dei største rotsystema.

Prinsippa i naturmangfoldslova §§ 8-12 skal leggast til grunn ved utøving av offentleg mynde, jamfør naturmangfoldslova § 7. Landbrukskontoret vurderer at ein turveg i området ikkje kjem i konflikt med bestemmingane i naturmangfoldslova §§ 8-12. Naturtypen er skjøtelsbetinga og ein viktig føresetnad for skjøtsel er aktiv bruk. Ein legg difor til grunn at parklandskapet vert styrka ved at ein legg til rette for auka bruk. Det er og eit viktig moment at ein opparbeid veg vil redusere tråkklitasje i resten av området og at veggen vert lagt slik at færrast mogleg tre vert skadd.

I den planlagde trasseén står det eit relativt stort eiketree. Treet er etter alt og dømme døande, men ikkje hult. Omkrets i brysthøgde er 285 cm, med bark og treet vert difor rekna som ein utvalt naturtype, jamfør *Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldsloven* § 3 punkt 3. Eika er ikkje registrert i www.naturbase.no, men det er registrert at det står nokre eiketree i parklandskapet. Landbrukskontoret legg til grunn at eika må kraftig skjerast da daud ved heng over bygg tilknytt

fortballbana. Området er prega av høg aktivitet i vekedagane. Skuleelevane nyttar området aktivt i friminutta og fortballbana er og i bruk i helgane. Truleg vil ikkje eit eiketree i denne lokaliteten vera like attraktivt for fugl, da aktiviteten i området er så stor. Om ein ikkje kan gå rundt eika kan eit alternativ vera å skjera den ned og la den ligge i området til nytte for insekt, fugl og folk.

Landbrukskontoret har vurdert fjerning av eika opp mot naturmangfoldslova §§ 8-12. Det er fleire store eiker på Manger. Dei fleste av desse står på den gamle prestegardseigedommen. Det står to større eiketree få meter frå den omtalte eika. I tillegg står det fleire store eiker i ein radius på 50-75 meter frå lokaliteten. Å ta vekk eit tre er difor ikkje kritisk for førekomsten av grove eiker på Manger. Det vert vurdert at kravet til kunnskapsgrunnlag og føre var prinsippet er oppfylt, jamfør §§ 8 og 9.

Eika er per i dag ikkje hol, men viser teikn på svekka vekst. Ståande død ved og liggjande død ved fyller ikkje fult ut same funksjon. Likevel er det å felle treet og la det ligge eit grep som kan vera eit godt kompromiss. Det er i dag ikkje mange lokalitetane på Radøy med grov liggjande død ved i lauvskog og stammen vil kunne supplere denne typen habitat. Ved å bygge turstien i denne traseen kjem ein unna rotsystema til dei større treda. Vidare treng ein ikkje felle meir enn eit eiketree for å føre fram med stien. Samla sett vert løysinga med å felle treet og la det liggja vurdert å vera god økosystemtilnærming og gje lavast belastning på naturtypen, jamfør § 10. § 11 legg til grunn at; *kostnadane ved miljøforingelse skal bæres av tiltakshaver*. Tiltaket fører ikkje til vesentleg forringelse av miljøet og det vert ikkje auka kostnadar knytt til tiltaket, § 11 vert difor ikkje vurdert som relevant for saka.

§ 12 Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetoder

Det er utfordrande å møte krava til universell utforming av turvegen. Skal vegen leggjast rundt eika, vert tiltaket truleg ikkje gjennomførbart utan at ein gjer store inngrep i lokaliteten. Det er difor landbrukskontoret si vurdering at ein gjennom å felle treet og la det liggja, har nådd ei løysing som tek vare på både naturverdiane og rekreasjonsverdien i området og gjev gode samfunnsmessige resultat.

Med helsing

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Ingrid Didriksen

Mottakarar:
Teknisk drift